

## Søknad om tilskot til Klima- og miljøtiltak for 2014

Send søknaden i posten til : Hordaland fylkeskommune, Sentralarkiv, PB 7900, 5020 Bergen,

Eller send elektronisk søknad til: [sentralarkivet@hfk.no](mailto:sentralarkivet@hfk.no).

Ver venleg å merke søknaden med: "Lokale tiltak – 2014" eller "Miljøorganisasjonar", Ref: 2014/10847"

**Søknadsfrist: 1.4.2014**

Sjå [www.hordaland.no/miljo](http://www.hordaland.no/miljo) for meir informasjon.

<b>Namn på tiltaket/prosjektet</b> «Rydd ein holme»	
<b>Namn på søkjar</b> Naturvernforbundet Nordhordland	<b>Organisasjonsnummer</b>
<b>Adresse</b> Hoplandssjøen 74	<b>Postnummer og Poststad</b> 5943 Austrheim
<b>Kontaktperson</b> Ketil Hindenes	<b>Telefon</b> 90038233
<b>E-post</b> ketil_hindenes@hotmail.com	<b>Kontonummer</b> 363520695
<b>Totalkostnad</b> 20 000	<b>Søknadssum</b> 10 000
<b>Målet med prosjektet</b> Hindra attgroing av kystlynghei på øyer og holmar og i strandsona i Austrheim, der spreinga no er kritisk. Særleg fokus på den svartelista sitkagrana. På lengre sikt spreia prosjektet til andre kystkommunar i Nordhordland og elles langs kysten. Pilotera prosjektet gjennom samarbeid med Austrheim kommune, landbruksorganisasjonane, skogbruksnæringa, grunneigarar og skulen i Austrheim. Saman med Kystskogbruket arbeida for ein temaplan i kommuneplanen med klare prioriteringar av tiltak slik at skogsdrift blir tydeleg avgrensa og kystlynghei vert rydda og vedlikehalde.	
<b>Kvar skal prosjektet skal gjennomførast ?</b> I Austrheim	
<b>Samarbeidspartnarar –korleis tar dei del i prosjektet?</b> Kystskogbruket: Avtale om felles framstøyt mot kommunen (temaplan og andre tiltak). Austrheim kommune: Har støtta prosjektet med landbruksmidlar i 2013 (10 000) Naturvernforbundet: Har støtta prosjektet med prosjektmidlar i 2012 (6 000). WWF: Aktiv fagstøtte. Kontaktperson: Trude Myhre. Lokale grunneigarar og sauebønder: Har delteke i den årlege dugnaden i 2012 og 2013. Landbrukskontoret i Austrheim, Radøy og Fedje: Arrangerer lyngbrenningskurs for lokallaget no i april.	
<b>Tar kommunen del i prosjektet? Evt. korleis?</b> Gjennom landbruksmidlar. I 2013 deltok ordførar Per Lerøy i den årlege dugnaden. Kommunen var også deltakar med ordføraren og plansjefen på Naturvernforbundet Nordhordland sitt folkemøte i mars: <i>Slaget om sitkagrana</i> . <i>Kva gjer vi når opne landskap i Nordhordland gror att?</i> Om lag 60 deltarar på møtet. Ordføraren signaliserte tydeleg vilje til samarbeid i den pågåande kommuneplanprosessen.	
<b>Korleis bidrar tiltaket/prosjektet til betra miljø/berekraftig utvikling?</b> Prosjektet fremjer biologisk mangfald, landskapsvern, friluftsliv og bærekraftige utmarsknæringar som sauehald og birøkt.	
<b>Har de søkt midlar frå fylkeskommunen til dette tiltaket tidlegare?</b> <input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Usikker	
<b>Planlagt start</b> 2014 (prosjektet starta i 2012)	<b>Planlagt slutt</b> 2018 (implementering i Austrheim)

### Skildring av prosjektet (maks ei halv side)

Prosjektet «Rydd ein holme» blei starta i 2012. I samarbeid med Naturvernforbundet Hordaland og med prosjektmidlar frå Naturvernforbundet sentralt (kr 6000), kjøpte laget inn utstyr (hageklipparar og hanskar) før vi saman med lokale grunneigarar og sauebønder gjekk til aksjon på Lerøy i Austrheim mot attgroing av sitkagran. Det innkjøpte utstyret heldt ikkje mål, oppdaga vi. Det var grunneigarane sine private motorsagar som gjorde susen. På førehand hadde lokallaget gjort avtale med grunneigarar om løyve til felling og lyngbrenning. Aksjonen blei annonsert både i lokalpressa og gjennom flygeblad.

I løpet av 2012 bestemt vi oss for å søkja landbruksmidlar til ryddinga, og fekk kr 10 000 frå Austrheim kommune til prosjektet mot slutten av året. Vi har satsa på å byggja opp ein liten «bank» av motorsagar og ulikt verneutstyr som vi sjølve og andre kan låna for å rydda skog. Vi treng og finansiering av kurs i lyngsviing (kr 500 pro pers i år), motorsagkurs og ulike møte og seminar. Og vi treng midlar til leige av ryddfartøy og drivstoff.

På lengre sikt ønskjer vi at Austrheim kommune gjennom temaplanen i kommuneplanen finansierer dei fleste av tiltaka, t.d. gjennom skjønsmidlar og søknader til Miljødirektoratet. Vi ser likevel at det er behov for ein gode del eigenfinansiering, både gjennom stønad frå fylkeskommunen og dei ulike løyvingane frå Miljødirektoratet til lag og organisasjonar.

Utanom sjølve dugnaden har lokallaget hatt opne årsmøte (2012 og 2013) og folkemøte (2014) med attgroing og spreing av sitkagran som tema. På folkemøtet no i mars var det innlegg frå Naturvernforbundet (Haltbrekken), Kystskogbruket (Kårstad), Fylkesmannen (Byrkjeland) og Austrheim kommune (plansjef og ordførar). Engasjementet var stort og munna ut i eit gjensidig ønskje om samarbeid mellom Naturvernforbundet Nordhordland, Kystskogbruket og Austrheim kommune om ein temaplan som tek opp attgroing og skogsdrift. Saman med Kystskogbruket vil lokallaget høgst sannsynleg koma med sams innspel til kommuneplanen.

I tillegg til dugnad, kurs og møte, har Naturvernforbundet Nordhordland vore aktive i pressa for å lansera og promotera prosjektet, m.a. med omtale av ryddinga på Lerøy med fire sider i VG sin sundagsavis («Slaget om pøbelgrana»). Vi har inntrykk av at dette er ei sak som det er lett å få oppslag på.

Nokre døme på presseoppslag er lagt ved.

### Budsjett med finansieringsplan

Forventa kostnader:		Forventa inntekter:	
Motorsagar	Kr 6000	Fylkeskommunal stønad	Kr 10000
Verneutstyr	Kr 6000	Prosjektmidlar frå Naturvernforb.	Kr 6000
Kurs (lyngbrenning, motorsag)	Kr 3000	MD-midlar	Kr 4000
Seminar og møter	Kr 3000	Landbruksmidlar	Kr 5000
Annonsering	Kr 3000		Kr
Leige av båt	Kr 3000		Kr
Bensin og anna drivstoff	Kr 1000		Kr
<b>Sum kostnader</b>	<b>Kr 25000</b>	<b>Sum inntekter</b>	<b>Kr 25000</b>

Alle finansieringskjelder (som egne midlar, kommunale, fylkeskommunale, statlege og private tilskot, dugnader og gåver) skal spesifiserast. Budsjettet skal balansere.

*Søklarar som får innvilga tilskot, skal levere kortfatta rapport/status for bruk av tilskottet. Dette skal gjerast seinast 1. april 2015. Om søknaden ikkje er fullstendig utfylt eller det manglar relevante vedlegg, kan det ventast at han ikkje vert handsama.*

#### Kontaktperson:

Kjetil Sigvaldsen, [Kjetil.sigvaldsen@hfk.no](mailto:Kjetil.sigvaldsen@hfk.no), tlf. 55 37 80 11.